



MØTEPROTOKOLL

Utval Formannskapet og næringsutvalet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 27.01.2021

Start kl.: 09.00
Slutt kl.: 14.00

Til stades på møtet

Medl.: Ivar Kvalen, Marit Aakre Tennø, Knut Hauge, Geir Arve Sandvik, Elin Hauge, Morten Johan Vigdal.

Forfall: Marianne Bugge.

Varamedl.:

Frå adm. (evt. andre): Plansjef Knut Vidar Svanheld, verdsarvkoordinator Sofie Klementsens, planleggjar Torunn Løne Vinje i sak 05/21 og orientering omkring verdsarvarbeidet.
Økonomisjef Svein Sanden i sak 06/21 og orientering omkring årsrapportarbeidet.
Næringsssjef Olav Grov i del av sak 08/21.
Kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen i del av sak 08/21
Rådmann Jarle Skartun. (til 13.30)

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
1/21	21/148-1 Godkjenning av møteprotokoll
2/21	21/54-2 Sogn Regionråd. Søknad om midlar til etablereropplæring og nettverk
3/21	21/72-2 Norske Hagehus AS. Finansiering
4/21	21/90-2 Fjordstova AS. Søknad om tilskot og lån til etablering av kontorfellesskap
5/21	21/80-1 Buffersonneplan for Verdsarven Urnes stavkyrkje - offentlig ettersyn av planprogram og kunngjering om oppstart
6/21	20/3059-93 Budsjett 2021 - orientering
7/21	21/166-1

KS sitt Debatthefte 2021 Omstilling i koronaens tid

8/21 21/149-1
Referatsaker, formannskapet 27.01.21

9/21 21/177-1
Drøftingar og innspel, formannskapet 27.01.21

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

1/21

Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteprotokollen.

VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet den 9.12.20 vert godkjent.

Marit Aakre Tennø og Morten Johan Vigdal vert valde til å skrive under på møteprotokollen.

2/21

Sogn Regionråd. Søknad om midlar til etableraropplæring og nettverk

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Sogn regionråd får eit tilskot stort kr 30.000 til prosjektet «etableraropplæring for minoritetsspråklege og nettverk for mangfaldig rekruttering».

Tilskotet vert finansiert av posten 32503 14703.

3/21

Norske Hagehus AS. Finansiering

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Norske Hagehus AS får eit tilskot til utvikling stort kr 60.000. Tilskotet vert finansiert ved posten 32503 14703.

4/21

Fjordstova AS. Søknad om tilskot og lån til etablering av kontorfellesskap

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Fjordstova AS får eit tilskot stort kr 100.000 til å gjennomføre arbeid for å etablere eit kontorfellesskap. Tilskotet vert finansiert av post 32503 14703.

Fjordstova As får eit lån i næringsfondet stort kr 200.000. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år og skal deretter betalast ned over 8 år. Lånet er eit gjeldsbrevlån.

5/21

Buffersoneplan for Verdsarven Urnes stavkyrkje - offentlig ettersyn av planprogram og kunngjering om oppstart

Handsaming:

Plansjef Knut Vidar Svanheld, verdsarvkoordinator Sofie Klemetzen og planleggjar Torunn Løne Vinje orienterte om saka og verdsarvarbeidet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Formannskapet gjer slikt vedtak

1. Formannskapet sluttar seg til dei tilrådingane rådmannen har kome med når det gjeld framlegg til planprogram for «Buffersoneplan for Verdsarven Urnes stavkyrkje»
2. I medhald av reglane i §11-12 varslar og kunngjer Luster kommune oppstart av arbeidet med buffersoneplan som ein avgrensa arealdel til kommuneplanen
3. I medhald av reglane i § 11-13 Plan- og bygningslova, vert framlegg til planprogram lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring til overordna planfaglege myndigheiter.

6/21

Budsjett 2021 - orientering

Handsaming:

Økonomisjefen orienterte om saka og årsrapportarbeidet
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Formannskapet tek orientering omkring slutføring av budsjett -21 til vitande.

7/21

**KS sitt Debatthefte 2021
Omstilling i koronaens tid**

Handsaming:

Administrativt innspel til uttale var sendt på e-post.

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel som bør takast med i endeleg uttale; psykisk helse som grunn til utanforskap, kommunen sitt førebyggjande arbeid i høve psykisk helse, arbeidet i vidaregåande skule for å hindre fråfall til dømes med miljøarbeider /miljøterapeut-stillingar.

Rådmannen tilrådde at ordføraren får fullmakt til å utarbeide endeleg uttale og sende, ev i lag med Sogn Regionråd.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Ordføreren får fullmakt til å utarbeide uttale.

8/21

Referatsaker, formannskapet 27.01.21

Handsaming:

Skriftleg orientering:

Eksternt:

- Eigedomsskattegrunnlag for kraftselskap eigedomsskatteåret 2021. 20/3718-5. –referert.
- Statsforvaltaren: Fordeling av skjønsmidlar til kommunen etter ekstra utgifter og smittetal for covid 19. 20/1037-13. –referert.
- Vestland revisjon. Vurdering av uavhengigheit Luster kommune 2021. 16/4035-7 –referert.

Interkommunalt:

- Referat frå Politiråd 8.12.20. 16/1174-20. –referert. Referata er utforma slik at dei kan vere allment offentleg tilgjengeleg, møtedrøftingar vil i tillegg kunne gå nærare inn på både kriminalitet og narkotika i regionen.

Internt:

- Rapport over delegerte vedtak. –referert.

Orientering i møtet:

Ordførar:

- Uttale til NTP-høyring. Det vert førebudd regionalt innspel der Nes-Høyheimsvik og rassikring Skjolden – Ornes vert prioritert i Luster.

Rådmann:

- Korona, vaksinerings mv. – ingen utbrot, god kontroll og plan for vidare arbeid.
- Dei interkommunale vertskommuneavtalane. – Utkast frå Sogndal kommune ligg føre og vil kome til handsaming i februar-mars.
-

Næringssaker, ev. ikkje off.:

- Næringslivet i kommunen ved årsskiftet. Næringssjefen orienterte omkring status i næringslivet ved årsskiftet og utsikter framover. Spesielt for reiselivet er det ein usikker situasjon.

Personal- og administrative saker, ev. ikkje off.:

- Bemanningsendringar. Rådmann orienterte.

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

9/21

Drøftingar og innspel, formannskapet 27.01.21

Handsaming:

DAGSORDEN:

09.00 -14 Kommunestyresalen.

-jf vedlagt sakliste og drøftingar.

-09.00 – 11.00 Sakshandsaming, orienteringar.

-Synfaring nyanlegg Grandmo 11.00

-12.10 – 12.30 lunsj.

-12.30 – 14.00 Sakshandsaming, orienteringar.

DRØFTINGAR I MØTE – Tema m/innleiingar og ev innspel frå formannskapet:

- Verdsarvarbeidet. I tilknytning til saka om buffersonneplan Ornes orientering omkring fleire at tiltaka omkring «Verdsarven.» (Knut Vidar, Sofie og Torunn deltok.)... Lokalsamfunnstiltak – synlegheit – og kunnskapsspreiing er forankring for 6 prosjekt der det og vert søkt ekstern finansiering.
- Årsrapportarbeidet 2020. Ei del sentrale resultat i årsrekneskapen vart referert. For tidleg å prognosere resultat, men resultat vert vesentleg betre enn prognose i september la til grunn. Frist for avlegging av rekneskap er 22.02. Ferdigstilling av budsjett 2021 vart referert, jf sak 06/21. (Svein deltok.)
- KPS – Temadag i kommunestyret 04.02. Skisse til program vart lagt fram og drøfta. Ordførar/rådmann tek med seg innspela og sender ut innkalling. Om det grunna Korona ikkje vert tilrådd fysisk møte så vert møte utsett /ikkje aktuelt med Teams. Det vert ikkje vedtakssaker i dette kommunestyremøte.
- Ny barnehagelov. Det vart informert om endringar i barnehagelova. Det vart særskilt peika på forholdet mellom eigarrollen og mynderollen der kommunen er/vert pliktig å ha «armlengdes» avstand mellom rollane. Spesielt for mindre kommunar vert dette krevjande. (Knut Åge deltok)

OPEN POST: (merknader og spørsmål frå medlemmane.)

- Spreiing av usanne påstandar, sjikane av politikarar. (ikkje off.)

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.
